

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
200506987-5/520.TOO/KHKL

Bergen, 18. januar 2006

## **Vedtak om høringsuttale frå Hordaland Fylkeskommune**

Opplærings- og helseutvalet i Hordaland Fylkeskommune behandla 10.januar 2006 sak om forslag til endringar i Opplæringslova – opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar. Høringsuttale vart sendt Kunnskapsdepartementet i brev og elektronisk post 4.januar 2006, med forbehold om endringar ved politisk handsaming. Vi vil med dette gjere merksam på at Opplærings- og helseutvalet vedtok følgjande i møte den 10.januar 2006:

**Opplærings- og helseutvalet**                      **10.01.06**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **INNSTILLING**

Fylkesutvalet rår til at alternativ 6 vert vedteke:  
Kommunalt ansvar for grunnskoleopplæringa og fylkeskommunalt ansvar for vidaregåande opplæring i alle helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Det må presiserast i lovteksten at det med bustadkommune/-fylkeskommune er meint den kommunen/fylkeskommunen der eleven er busett når det vert gjort vedtak om plassering i institusjon.

  
Inger Øvsthus Tønder

  
Kjell Helge Kleppes